# debatt



**Kultur- og debattredaktør Hilde Sandvik**
debatt@bt.no
Redaksjon: Egil Horne Mikkelsen og Aslaug Eide.

## «Eg gjorde eit mistak»

**POLITISK REDAKTØR** Sjur Holsen har ein del interessante synspunkt i søndags BT 6.12. Her kjem han m.a. inn på problem knytt til klima, og i den samanheng har han lest klimaguru James Lovelocks «klimadystopier, og er oppriktig bekymret for fremtiden til mine barn og barnebarn».

Lovelock er mest kjent for sin Gaia-teori der jorda blir framstilt som ein sjølvregulerande organisme med evne til å ta vare på seg sjølv. Han har seinare vore sterkt oppteken av klimaspørsmål og gitt ut fleire bøker der han ser for seg ei svært dramatisk utvikling. I den siste boka, The Vanishing Face of Gaia (2009) slår han fast at jorda er over «the tipping point» og er på veg over i ein permanent varm tilstand. Jorda vil bli så varm at store område ikkje kan produsere mat. «Billions of us will die; few breeding pairs of people that survive will be in Arctic».

**NÅR HOLSEN LES** dette er det ikkje rart han blir skremt! Men fatt håp. I eit intervju med NBC 23. april 2012 vedgår Lovelock: «I made a mistake». Her er utdrag av ein del av intervjuet (omsett til norsk). «Problemet er at vi veit ikkje kva klimaet gjer. Vi trudde vi visste for 20 år sidan. Det førte til nokre alarmerande bøker – mine inkludert – fordi det såg enkelt ut, men det har ikkje hendt». Vidare uttaler Lovelock: «Klima gjer sine vanlege triks. Ikkje mykje har skjedd endå. Vi skulle vore halvvegs til ‚a frying world' no. Verda har ikkje varma opp mykje sidan hundreårsskiftet mens det skulle ha gått opp – karbondioksid mengda har auka, ikkje tvil om det».

Han seier at karbondioksidutslepp fører til auke i global temperatur, men legg til at effekten av havet ikkje er godt nok forstått. «Havet kunne utgjere heile skilnaden mellom ei varm tid og ei istid». Som ein uavhengig, einsam ulv bryr han seg ikkje om å innrømme at han tok feil, men hevdar at ein universitets- eller regjeringsbetalt forskar kunne vere redd for at det å innrømme feil kunne føre til tap av forskingsbidrag.

**ALLEREIE I 2010** kom Lovelock med utsegn som IPCC likte lite. «Skeptikarar har gjort oss meir vettuge. Dei har hindra oss frå å sjå på klimavitskap som ein religion. Det har gått altfor langt den vegen. Dei store klimasentra i verda er heilt klar over kor svak vitskapen deira er». Lovelock trur framleis på at det kan skje ei klimaendring, men ikkje på langt nær så snøgt som tidlegare spådd.

NBC- intervjuet med Lovelock, sjølve gudfaren for global oppvarming, slo ned som ei bombe utanlands, men så langt har eg ikkje sett ein einaste kommentar i norsk presse! Lovelock (92 år) skriv no på si tredje bok om klima.

EINAR SLETTEN, BERGEN

Mange ofre for blind vold opplever sterke og langvarige reaksjoner uten å få hjelp og støtte. Hvorfor skjer det? Kanskje svaret ligger i det negative bildet en har dannet seg av hvem som blir utsatt?

# Blind vold

**VOLD**



Venke A. Johansen, voldsforsker ved regionalt ressurssenter om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging i vest (RVTS)



**BLIND VOLD:** *Blind vold har direkte konsekvenser for den som er utsatt, personen sin omgangskrets, og den skaper frykt i befolkningen for øvrig, understreker artikkelforfatteren.* FOTO: COLOURBOX

**NORGE ER ET FREDELIG** samfunn, men likevel ser vi daglig overskrifter om brutale voldelige overgrep både ute i det offentlige rom og i den private sfære. Slik vold har direkte konsekvenser for den som er utsatt, personen sin omgangskrets, og den skaper frykt i befolkningen for øvrig. Den omfattende nasjonale innsatsen som finner sted for å bekjempe vold i nære relasjoner fortjener stor honnør.

Det er utarbeidet flere stortingsmeldinger, nasjonale veiledere og handlingsplaner, pluss at det er bevilget betydelige ressurser til å opparbeide økt handlingskompetanse på tvers av fag, ulike etater og nivå. Dessverre kan en ikke si det samme når det gjelder «ikke-familievold», dvs den vold som er utøvd av en gjerningsperson som ikke er i nær familie eller som er partner /ekspartner. De som utsettes for slik vold, opplever manglende oppfølging og prioritering fra myndighetenes side.

**DET BENYTTES EN REKKE** ulike begreper om situasjoner som kommer inn under karakteristikken ikke-familie vold, for eksempel blind vold, tilfeldig vold, vold i det offentlige rom og gatevold. Bildet en har av hvem som er utsatt for denne type vold, er til dels ensidig og negativt. En anerkjent voldsforsker sin uttalelse om at det ikke finnes «blind vold», har relevans i et gjerningspersonperspektiv, men ikke tilsvarende fra offerståsted. Men en undersøkelse av Oslo-befolkningens utsatthet for trusler, vold og seksuelle overgrep konkluderer faktisk med at det ikke er tilfeldig hvem som rammes av tilfeldig vold.

Det påpekes at størsteparten av denne volden finner sted i sammenheng med fest og fyll i helgene, og at den største gruppen utsatte er menn med lav utdanning.

**EN SLIK FORSTÅELSE** basert på gjennomsnitt, gruppemessige kjennetegn og risikofaktorer kan danne utgangspunkt for en stereotyp oppfatning av den voldsutsatte som en ung mann med lav sosial status og rusproblemer, gjerne en usympatisk person. Dette bildet forsterkes av at den offentlige debatten i stor utstrekning er fokusert på skjenketider. En betydelig andel av denne typen vold skjer i tilknytning til uteliv der aktørene ofte er beruset.

Forskning og dokumentasjon viser at rundt 50–60 prosent av de voldsutsatte har drukket alkohol, alt fra et glass til overstadig beruselse. Men dersom en snur om på tallene, er det faktisk slik at 40–50 prosent av dem som blir utsatt for denne type vold, ikke har drukket alkohol. Overgrepene skjer under en rekke forskjellige omstendigheter. Ca 20 prosent av ofrene er kvinner.

**DET ER UHELDIG** at vold begått av personer som ikke er i familie med offeret, blir ekskludert i den nasjonale satsningen. Mange voldsofre opplever sterke og langvarige reaksjoner uten å få hjelp og støtte. Hvorfor skjer det? Kanskje svaret ligger i det negative bildet en har dannet seg av hvem som blir utsatt?

> *Det er en myte å tro at dramatiske traumer og minner skal bli helt borte*

Det er ikke tilfeldig at en blir rammet; en såkalt blame the victim-holdning synes å råde. I tillegg tror jeg mange mener at mennene som er utsatt for vold, representerer det sterke kjønn og bare «rister av seg» eventuelle reaksjoner og går uanfektet videre i livet. Det umandig å ha sterke psykiske reaksjoner etter «litt knuffing».

**JEG HAR FULGT OPP** en gruppe alvorlig voldsutsatte i Oslo og Bergen innen denne kategorien gjennom 8 år. Forskningsprosjektet har blant annet fokusert på psykiske reaksjoner og konsekvenser for livskvalitet; det er gjennomført både spørreskjemaundersøkelse og intervju. De fleste har alvorlige symptomer rett etter en dramatisk voldshendelse der de for eksempel opplevde å bli fysisk skadet kombinert med å ha vært i livsfare. Men det er urovekkende mange som erfarer mer langsiktige plager.

Nesten 44 prosent hadde symptomer tilsvarende eller på grensen til PTSD (posttraumatisk stress disorder) og angst/depresjon etter ett år, mens rundt 30 prosent hadde tilsvarende kroniske symptomer etter 8 år. Dette er en høy forekomst som synliggjør at mange sliter, og at dette er en gruppe voldsutsatte som bør prioriteres. Målet er å få en god livskvalitet igjen, der den aktuelle hendelsen reduseres til vanlige minner ved siden av alt annet som preger livet. Det er en myte å tro at dramatiske traumer og minner skal bli helt borte.

**EN RÅDENDE HOLDNING** innen psykisk helsevern er at kompleks traumatisering der pasienten gjerne har en hverdag dominert av vold og omsorgssvikt, prioriteres. Hvordan en kan forebygge og følge opp personer som har vært utsatt for enkelttraumer synes å ha mindre interesse.

Erfaringen etter 22. juli 2011 har blant annet satt fokus på psykososial oppfølging, der kommunale kriseteam og andre fagpersoner ivaretar voldsutsatte for å forebygge og dempe psykiske problemer på sikt.

En slik ivaretakelse omfatter formidling av hva som er normale reaksjoner, faktorer som kan ha beskyttende og gunstig effekt med hensyn til sykdomsutvikling, faktorer som kan gi økt risiko, betydningen av selvhjelp og ikke minst hvor viktig det er å komme tilbake til en normal hverdag igjen.

**MANGE SOM ER UTSATT** for alvorlig ikke-familievold har en trygg hjemmesituasjon og et sosialt nettverk, i motsetning til mange som er utsatt for vold i hjemmet med kontroll og stadige overgrep. En trygg hverdag med sosiale rammer på plass, er en viktig forutsetning for å kunne mestre alvorlige reaksjoner etter å ha vært utsatt for vold. En endret holdning og inkludering av denne gruppen i en nasjonal satsning vil trolig ha en positiv effekt, slik at andelen sykdomstilfeller reduseres.

Vi vet som sagt at posttraumatiske lidelser kan være av alvorlig karakter og forringe livskvaliteten over mange år, både for den som har vært utsatt for vold og denne personens familie. Men det er også viktig å balansere, en skal ikke sykeliggjøre sterke normalreaksjoner.



Følg med på leserdebatt og kommentarer på **bt.no**

## Av omsyn til miljøet

**I DESSE DAGAR** vedtek fylkestinget budsjettet for 2013, som vil få følgjer for bylufta i Bergen og kollektivtilbodet i fylket.

Nordhordland pendlarlag er skuffa over at fylkesutvalet 6.desember i år - med 8 mot 7 røyster - vedtok å seia nei til å setja i gang ei snøggbåtrute for pendlarar Nordhordland-Bergen i 2013. Fleirtalet vedtok også at prisane for ruta i 2014 skal vera så høge at båten truleg vert for dyr for mange (døme: kr 1500 pr mnd for periodekort som gjeld for båt og buss i høve til kr 760 for busskort).

Fylkestinget bør no vurdera denne saka med nye augo, av omsyn til miljøet i Bergen og i lys av nye opplysningar som har kome om utviklinga i luftforureininga og i biltrafikken i Bergen sentrum. Bakgrunnen for dette er at store statlege tilskot til betre kollektivtrafikk og mindre bilbruk i Bergensområdet («belønningsmidlane») står i fare.

**I EI PRESSEMELDING** frå 1. nov. 2012 er departementet uroa over om vilkåra for å få tilskot er oppfylte. Det kravet som det har vist seg vanskelegast å oppfylla, er at « Biltrafikken inn mot Bergen sentrum skal i perioder med stor andel av arbeidsreiser, reduseres med 5 prosent i fireårsperioden», som er 2011-2014. Derfor skriv departementet at « Samferdselsdepartementet har på grunnlag av denne vurderingen bedt om en bekreftelse på at kommunen og fylkeskommunen setter i verk ytterligere tiltak dersom målene i avtalen ikke oppnås.» Då staten betalte ut dei resterande 60 mill. for 2012, var det altså på klare vilkår, som vi vil tru også er aktuelle når staten skal vurdera om tilskotet for 2013 (tilsegn om 168 mill) skal utbetalast.

**NO VISER NYE TAL** at departementet sin skepsis var velbegrunna: Ein fleirårig nedgangstrend har snudd, det er målt fleire bilar inn mot Bergen i dei 11 første månadene i 2012 enn i same periode året før (BT 6. des. 2012). Denne informasjonen var ikkje kjent då Marit Arnstad var på bergensbesøk i haust. Heller ikkje at det er målt ulovleg høge NOx-konsentrasjonar på Danmarksplass gjennom heile året (BT 11.12). Når departementet i brev av 31.10.12 til Bergen kommune/Hordaland fylkeskommune bed om «ytterlegare tiltak» må det nye tiltak til, verktøykassa må fornyast. Her kjem båtruta Nordhordland-Bergen inn. Den er klar til å setjast i drift på kort varsel.

**DET SOM FØRST** og fremst trengst er eit vedtak om ein rimeleg pris som gjer at denne båtruta kan verta ein suksess og lokka bilpendlarar over på kollektivtrafikk.

Slik kan fylkestinget gje oss og seg sjølv eit kinderegg: spara miljøet, spara reisande for kø og få utløyst belønningsmidlane.

VIVIAN HUSA , LEIAR, NORDHORDLAND PENDLARLAG

Einsemd er ei av dei største humanitære utfordringane vi har i Norge. Frivillig innsats som blir teke vare på på ein god måte er det noko av det beste vi kan tilby mot einsemd

# Einsemda tek ikkje juleferie

**EINSEMD**



Gunhild Kjøsnes, dagleg leiar Bergen Røde Kors



**EINSEMD:** *Røde Kors sine aktivitetar er med på å motarbeide einsemd gjennom heile året, og mange frivillige gjer ein ekstra innsats i høgtidene.* FOTO: BERIT KEILEN,SCANPIX

**88 ÅR GAMLE REIDUN OREST** frå Oslo rørte mange då ho sette inn ei annonse i Aftenposten med spørsmål om nokon ville invitere henne heim til seg på julaftan. Så sterkt ynskte ho å sleppe å feire jul aleine at ho til og med ville betale for å kome heim til nokon. Responsen var overveldande, og Reidun vart invitert heim til mange, utan at dei ville ha betaling for det.

Det er mange som Reidun der ute, som grur seg for jula fordi dei er einsame og kanskje ikkje har nokon å vere saman med. Difor gler vi i Bergen Røde Kors oss til den årlege julekvelden i Røde Kors-huset. Kvart år kjem eldre og einsame, eller folk som akkurat denne jula ikkje har nokon å feire saman med, til oss for å feire jul i lag den 24. desember. Både for deltakarane og dei frivillige som er med, vert dette alltid ein god og minnerik kveld. Men det er mange einsame der ute, og når vi snart går inn i julehøgtida vil vi minne om at ein må ta vare på kvarandre.

**EINSEMD ER NOKO** som mange opplever som ekstra sårt i høgtida, men mange kjenner seg aleine og utanfor resten av året også. Å vere uønska aleine er noko som vil ramme oss alle i periodar av livet, og vegen ut av einsemda kan vere tung å gå aleine.

Det er her vi i Røde Kors, med våre frivillige, kan vere medmenneske for dei som treng nokon å gå vidare saman med i kortare eller lengre periodar av livet. Det er ikkje sjeldan vi ser at frivillige i Røde Kors, tidlegare har vore deltakar i ein eller fleire aktivitetar i organisasjonen. Når ein sjølv har opplevd einsemd på ein eller annan måte, er det ikkje mange ord som skal til for å forstå andre i same situasjon.

**UNDERSØKINGAR SOM** Norges Røde Kors har gjort viser at ein av fire nordmenn er plaga av einsemd og ei kjensle av å vere utanfor, og dette gjeld på tvers av alder. Det finst mange typar einsemd: Den unge guten som føler han ikkje har ein einaste ven, den eldre kvinna som har mista ektefellen og slit med å kome seg ut, og flyktningen som ikkje kjenner ei sjel i Norge.

> *Du gir noko av deg sjølv*

Vi i Bergen Røde Kors møter einsame eldre og unge kvar dag gjennom våre aktivitetar. Vi har om lag 1600 frivillige som er til glede og oppmuntring for andre medmenneske gjennom heile året, og rundt 800 frivillige som bidreg innan omsorgsaktivitetar som til dømes besøk hos einsame eldre, guide til flyktningar, bistand med leksehjelp, og besøk i fengsel. Alle desse aktivitetane er med på å motarbeide einsemd gjennom heile året, og mange frivillige gjer ein ekstra innsats i høgtidene.

**DETTE ER VI UMÅTELEG** takksame for, men vi treng stadig fleire frivillige. Å vere frivillig i Røde Kors forpliktar, men det er samstundes noko som gir mykje tilbake. Her kan eg gi eit døme frå mitt eige liv:

Som småbarnsmor i Stryn med tre born under skulepliktig alder, i tillegg til krevjande jobb, opplevde eg som alle andre tidsklemma. Samstundes hadde eg eit frivillig verv som besøksven i Stryn Røde Kors. Aktivitetane der var ofte retta mot dei eldre som budde på omsorgssenteret. I ein travel kvardag kjende eg ofte ansvaret tynge, og det var ikkje alle gonger eg hadde like lyst til å møte opp. Men møte med bebuarane, og den gleda dei viste då dei såg meg, gav meg energi og påfyll. Det var godt å vere til stades der, og både gje av seg sjølv samstundes som eg fekk tilbake mykje positivt. Til tider hadde vi det så hyggjeleg saman at det vart eit tiltak å reise seg derifrå for å gå heim igjen.

Slik er det å vere frivillig i Røde Kors. Du gir noko av deg sjølv til nokon som set stor pris på at du deler litt av fritida di med dei, og du får umåteleg mykje tilbake.

**DET STÅR STOR RESPEKT** av det som Reidun gjorde ved å gje einsemda eit ansikt. Som vi både har sett på TV og lest i aviser, har ho tidlegare hatt eit aktivt liv. No er den nærmaste familien borte og ho kjenner einsemda på kroppen. Ho tok eit initiativ og gav beskjed til oss andre om at ho hadde bruk for oss og at ho trong medmenneske å vere saman med på årets mest omtalte og forventningsfulle dag. Reidun oppmoda andre i same situasjon til å sei ifrå om si einsemd og ikkje berre sitje å vente på at nokon skal ta kontakt.

Og til alle som kan tenkje seg å vere frivillig i Bergen Røde Kors: Vi ønskjer deg som har overskot, pågangsmot og litt tid til overs velkomen til å ta kontakt med oss. I fellesskap kan vi gjere kvardagen til mange betre, og sjansen er stor for at du også får eit rikare liv.

# Bergen kommune og Posten på ville miljøveier

**MILJØ**



Jan Olav Brekke, forbundsleder for Lederne

**BERGEN KOMMUNE** delte 5. desember ut sin Bymiljøpris til Posten. En av begrunnelsene var innføringen av el-jeeper som postbiler. Disse er blitt et vanlig syn i trafikkbildet.

Postbudene har nå kun et syltynt pleksiglass til beskyttelse. Rattet sitter på feil side. Bilen er ikke vinterisolert. Batterilevetiden er lav, og trafikkuhellene har allerede vært flere.

**I SIN MILJØVURDERING** kan derfor ikke Bergen kommune ha vurdert miljøet til postbudene som må bruke Postens el-jeeper, eller trafikkfaren postbudene utsettes for. Mange frykter for egen sikkerhet. Innføringen av el-jeepene ble besluttet langt over deres hoder, uten mulighet for påvirkning.

**VI KAN IKKE TILLATE** oss å vente på den første dødsulykken, som vi frykter vil komme med disse skrøpelige farkostene. Hadde Posten tatt sine ansattes arbeidsmiljø på alvor, hadde de sørget for skikkelige elbiler som også er trygge å kjøre. Slike biler finnes på markedet.

Det er vel og bra at Bergen kommune oppmuntrer til miljøtiltak, men tildelingen av Bymiljøprisen 2012 blir direkte feil for dem som må leve med dette.